



## Statens vegvesen

Leif Karstein Håland og Randi Helland  
Hålandsvegen 41  
5936 MANGER

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Tone Beyum - 5551 6432

Vår referanse:  
2015/099723-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
07.09.2015

### **Avslag på søknad om avkørsle - Fv. 409 - opprustning av gammal gardsveg - gnr. 31 bnr. 5 - Radøy kommune**

Statens vegvesen syner til søknad motteke 12.08.2015, samt synfaring på staden 28.08.2015.

Søknaden gjeld utbetring og utvida bruk av avkørsel for tilkomst til gnr. 31 bnr. 5 i Radøy kommune, vår referanse FV 409 hp 2 km 6,496.

#### *Tekniske opplysninger:*

Avkørsla ligg langs fv 409, på nordsida av vegen. Avkørsla er av därleg standard og er ikkje tilfredstillande med omsyn på dagens krav til geometrisk utforming eller lengdeprofil.

Fylkesvegen er svært smal på gjeldande strekning, og er om lag 3,7 m målt på kart. Det er ikkje eige felt for gåande og syklande. Motsett side av vegen er bratt ned til ei grøft / bekkt. Skilta fartsgrense er 80 km/t, og ÅDT (årsdøgntrafikk) er estimert til 1300.

#### *0-visjonen:*

Statens vegvesen sin 0 – visjon har som mål å planlegge, legge til rette og utbetre vegnettet slik at alvorlege ulykker ikkje skal oppstå.

#### *Teknisk krav:*

Eit absolutt krav vi stiller til nye avkjørsler, eller ved utvida bruk av eksisterande avkjørsler, er at det skal vere tilstrekkeleg sikt i avkørsla. I dette tilfellet vil siktkravet vere at ein skal sjå 100 m til kvar side av køyrebanen frå eit augepunkt 1,1 m over bakken 4 meter inn i avkørsla. Vedlagte prinsippskisse syner minimumskrav vi stiller til ei avkørsel med bakgrunn i trafikkmengde og fartsgrense på staden. *Vi presiserer at dersom det er større og tyngre køretøy, t.d. traktorer som skal nytte avkørsla, vi krava endre seg.*

Andre krav vi normalt setter ved ei utbetring er knytt til svingradius og stigning. Svingradiusen skal minimum 4 meter, og dersom det er større køretøy som skal nytte avkjørsla vil krav til svingradius auke. Å stette kravet til svingradius er viktig slik at ein får eit

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>1</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

ønska køyremønster og ein fartsreduksjon i avkørsel. Det er også krav til helling / stigning i ei avkørsel (sjå vedlagt prinsippskisse).

*Kommunen sin arealplan.*

Området er avsett til LNF (landbruk, natur og friluftsområde) jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy.

*Tiltakshavar sine merknadar til saka:*

Søknaden er grunngjeve med det er ynskjeleg å utbetre ein gamal gardsveg som fører til utmarka, for m.a. å kunne ta ut tømmer og rydde i skogen. Vidare er det opplyst at BKK vil oppgradere avkørsla i samband med at linjenettet i området (22Kv kabel gjennom Hålandsdalen) skal utbetraast.

*Vegvesenet si vurdering av saka:*

I dag fungerer avkjørsla som tilkomst til ein einebustad på gnr 31 bnr 7, 12. Det er dyrka mark og utmark i bakkant av arealet. Slik vegen er teikna på kart vedlagt søknaden, fører den til ein fritidsbustad.

Ved synfaring 28.08.2015 fann vi ikkje spor etter gamal gardsveg i terrenget, noko som kan tyde på at det er lenge sidan den har vore i bruk. Det kan også sjå ut til at det kan vere tilkomst til denne del av eigedomen via ein annan avkjørsel litt lenger aust langs fylkesvegen.

I *Rammeplan for avkørsler og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)* er fylkesvegen forbi omsøkt avkørsle vist med **haldningsklasse 2**. Dette vil mellom anna seie at vegen har ein viktig hovudfunksjon i det overordna vegnettet. Haldningsklassene er førande for korleis vi handsamar saka:

- *Talet på avkørsler til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld også for driftsavkjørsler.*
- *Godkjenning til utvida bruk av bustadavkjørsle bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkørsla blir nytta av fleire*
- *Det vert vanlegvis ikkje gjeve dispensasjon utan at det føreligg ein reguleringsplan*

Vi kan ikkje sjå at det er mogleg å oppnå tilfredstillande sikt i avkjørsla med bakgrunn i topografien i området, og heller ikkje tilfredstillande kurvatur og helling.

Søknaden er m.a. grunngjeve med at det er behov for å ta ut tømmer i området. Statens vegvesen gjer merksam på at det er mogleg å søke om «Arbeidsvarsling» i slike høve. Det vil seie at ein utarbeider ein skiltplan for midlertidig avgrensing av t.d. fart i området.

Statens vegvesen har gjort ei totalvurdering av tilhøva på staden og kome fram til at vi ikkje kan godkjenne ei oppgradering og utvida bruk av denne avkørsla slik det søkt om. Dei tiltaka som må til for å utbetre tilhøva vil vere omfattande og kostnadskrevjande, og vanskeleg å la seg gjennomføre.

**Vedtak:**

Med heimel i veglova §§ 40 og 43 vedtek Statens vegvesen å avslå søknad om oppgradering og utvida bruk av avkjørsel på gnr 31 bnr 5 i Radøy kommune.

**Grunngjeving:**

Statens vegvesen grunngjев avslaget med at ein ikkje kan oppnå ei tilfredstilande og trafikksikker løysing utifrå tilhøva på staden. Krav til siktlinjer og geometrisk utforming av avkøyrsla er vurdert ut frå haldningsklasse, fartsgrense og ÅDT på staden.

Ved periodevis behov for utvida bruk av avkjørsla slik det er skissert i søknaden, tilrår vegvesenet å nytte «Arbeidsvarsling». Spørsmål om «Arbeidsvarsling» kan stillast til Statens vegvesen ved Nordhordaland trafikkstasjon, 5914 Isdalstø.  
[\(nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no\)](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no)

**Klagerett**

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt ”Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak”.

Plan- og forvalningsseksjonen, Bergen  
Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

Kopi: Radøy kommune  
Vedlegg: Prinsippskisse  
: Klagerett i forvaltingssaker